

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

# ÅRSRAPPORT 2015

### **Bakgrunn**

ESA godkjente 19. juli 2006 regjeringa sitt forslag om gjeninnføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift frå og med 1. januar 2007. Dette innebar at store delar av landet fekk gjeninnført ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift, med same takst som dei hadde i 2003. Samtidig vart det klart at det var kommunar i delar av landet som ikkje ville nyte godt av gjeninnføringa eller ville få gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift med høgare sats enn den som var gjeldande i 2003.

For Sogn og Fjordane gjeld dette kommunane Flora, Førde og Sogndal.

Den differensierte arbeidsgjevaravgifta skulle frå 2007 reknast ut på grunnlag av kor verksemda er lokalisert. Dette er til forskjell frå den tidlegare ordninga der det var den tilsette sin bustad som var avgjerande for kva sats arbeidsgjevaren skulle nytte ved utrekning av avgift.

### **Prosess**

I Sogn og Fjordane har 23 av 26 kommunar fått gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift frå 1.1.2007. I tillegg er bagatellmessig stønad auka frå 100.000 til 200.000 Euro, noko som i praksis betyr at omlag 20 verksemder i dei 3 kommunane vert råka av auka avgift.

Vedtekter for INU vart handsama og godkjent i Fylkestinget 18. april 2007, og det vart halde stiftingsmøte for den nye ordninga i Flåm 27. april.

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

### Styret i 2015 har hatt følgende samansetting:

NHO Sogn og Fjordane	-	Vidar Grønnevik, styreleiar
Sparebanken Sogn og Fjordane	-	Kjetil Bjørset
Vara: Berge & Co	-	Øyvind Berge
Scandic Sunnfjord Hotel og Spa	-	Odd Erik Gullaksen
Vara: Firda Billag AS	-	Peter Midthun
Saga Fjordbase AS	-	Agnar Strømsnes
Vara: Fjord 1	-	Kjell Ove Høydal
Westcon avd. Flørø	-	Mikael Johansen
Vara: West Industri Service AS	-	Jørgen Agledal
Sogndal Fotball	-	Egil Mundal
Vara: Jatak Kaupanger AS	-	Sigrun Rygg
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	-	Hilmar Høl
Flora Kommune	-	Bengt Solheim-Olsen
Førde Kommune	-	Olve Grotle
Sogndal Kommune	-	Jarle Aarvoll

Etter kommune- og fylkestingsvalet i september 2015 er Karen Marie Hjelmesæter innvalt som fylkeskommunen sin representant og Ola Teigen som Flora kommune sin representant.

Det har vore avhalde 6 styremøte, der ein har handsama 31 saker.

NHO Sogn og Fjordane har etter avtale med styret i INU-FSF utført sekreteriats arbeid og avsluttande sakshandsaming fram til juli 2015.

Frå og med 2013 har Fylkeskommunen handtert all sakshandsaming av nye søknader. INU-sekretariatet har halde fram med å følgje opp dei prosjekta INU-FSF har skrive tilsegnsbrev til i tidlegare år, og rapportert desse inn til Fylkeskommunen for utbetaling.

Styreleiar i INU-FSF er engasjert på timebasis i henhold til eige styrevedtak. I 2015 har det medgått noko meir tid enn planlagt, grunna mykje ekstraarbeid for å påverke den uventa endringa i løyvingnivå i statsbudsjettet for 2016.

### **Søknader**

I 2015 kom det inn søknadar om midlar til 24 prosjekt frå 18 søkjarar.

INU-FSF tek ikkje i mot søknadar om bedriftsretta tiltak, desse går direkte til Innovasjon Norge. INU har i 2015 løyvd 6 mill til å styrke Innovasjon Norge si ramme for bedriftsretta tiltak, der midlane skal gå til søknadar frå verksemder i dei tre råka kommunane. Dette er ei større løyving enn kva styret tilrådte og fastsatt av Hovedutval for Plan og Næring i fylkeskommunen. I tillegg vart det løyvd 3,5 mill til oppfølging av reiselivsplanen i fylket.

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeids-  
gjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

### **Oversikt over løyvde midler i 2015:**

Sakshandsaming er gjort med grunnlag i retningsliner frå KRD, EØS og  
Handlingsplan INU-FSF 2015.

Midler forvalta av Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2015:

<b>Prosjekt</b>	<b>Løyvd 2015</b>
Reiseliv	kr 3 500 000,00
Innovasjon Norge	kr 6 000 000,00
<b>Sum:</b>	<b>kr 9 500 000,00</b>

Midlane til reiseliv vert forvalta av eit eige styre og midlane til Innovasjon Norge vert forvalta av Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane, der løyvingane skal prioriterast i.h.t INU sin handlingsplan. Dette betyr at søknader frå råka verksemdar i dei tre kommunane vert gitt prioritet, forutsatt at tiltaket vert vurdert til å være tilskotberettiga.

Løyvinga frå KMD, saman med renteinntekter og unyttta tidlegare løyvingar og etter frådrag for 9,5 mill kr som fylkeskommunen forvaltar, har INU ei ramme på 33,9 mill kr.

Av dette er 1,0 mill kr sett av til å dekke kostnader med å forvalte ordninga.

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeids-gjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

### Midler forvalta av INU-FSF i 2014:

Prosjekt:	Løyvd 2015
Tettstadutvikling - øyremarka	
Flora Kommune	kr 3 000 000,00
Førde Kommune	kr 3 000 000,00
Sogndal Kommune	kr 1 500 000,00
EM-vektløfting	kr 1 000 000,00
Maritim Foreining: Supply Chain Network	kr 1 843 800,00
Kunnskapsparken SF	kr 3 500 000,00
Florelandet Nord - offentlig vegutløysing	kr 8 000 000,00
Sunnfjord Næringspark	kr 8 000 000,00
Strategisk program Fosshaugane Campus	kr 500 000,00
Fram Flora - Inkubator	kr 1 500 000,00
Ekstraordinær utlysing: Byggingeniørstudiet	kr 1 000 000,00
* ikkje løyvd.	
<b>Sum løyving:</b>	<b>kr 32 843 800,00</b>

Løyvingane til tettstadutvikling bidreg til finansiering av Sogndal, Førde og Florø som tettstadar. Midlane har vore nytta til m.a fjordsti, opprusning av elveløp, turstiar og silde-monument.

EM i vektløfting har fått løyvd midlar som delfinansiering av stemnet som skal holdast i 2016. INU vurderte denne løyvinga som eit unntak frå hovudregelen om ikkje å delta i idrettsarrangement, då dette stemnet er eit stort internasjonalt stemne som vil få stor mediedekning, samt at det vil medføre at ei rekke idrettslag i regionen vil få tilført treningsutstyr i etterkant av stemnet.

Løyvinga av Supply Chain Network har prioritet grunna det store tal verksemder som deltek i prosjektet og det har klare resultatmål i form av auka omsetning for verksemdene.

Kunnskapsparken har fått løyving til delfinansiering av den distribuerte inkubatoren som har noder fleire stader i fylket og yter bistand til ei rekke gründerverksemdar.

Florelandet Nord og Sunnfjord Næringspark er to høgt prioriterte, næringsretta infrastrukturprosjekt som skal bidra til å legge grunnlaget for auka næringsverksemd i dei to kommunane.

Løyvinga til Fram Florø gjeld delfinansiering av ei rekke næringsutviklingsprosjekt i Ytre Sunnfjord.

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Strategisk program Fosshaugane er eit forprosjekt som har til formål å utvikle ringverknadane av dei mange aktivitetane som er knytt til Sogndal Fotball, i samarbeid med høgskulemiljøet i Sogndal.

Byggingeniørstudiet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har fått øymerka midlar av ramma for 2015, men INU har enno ikkje motteke konkret søknad om midlar. Tiltaket er vurdert til å ha høg prioritet.

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeids-  
gjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

<b>Rekneskap 2015</b>	
Refusjon KRD 2015	kr 41 200 000,00
<b>Sum løyving</b>	<b>kr 41 200 000,00</b>
Tilbakeholdt Fylkeskommunal løyving	kr 9 500 000,00
<b>Ramme overført til INU-FSF 2015</b>	<b>kr 31 700 000,00</b>
Overført og omdisp. til andre prosjekt	kr 500 000,00
Overføring frå 2014 til prosjekt i 2015	kr 1 000 000,00
Overført frå 2014	kr 698 013,00
<b>Total ramme til løyving 2015</b>	<b>kr 33 898 013,00</b>
Samla bevilgninger 2015	kr 32 843 800,00
Sekreteriat/Fondsstyret/møter **	kr 719 887,00
Sakshandsaming Fylkeskommunen 2015	kr 300 000,00
<b>Sum INU-FSF 2015</b>	<b>kr 33 863 687,00</b>
<i>**sum driftskostnader, sjå eige rekneskap.</i>	
<b>Resultat 2015</b>	<b>kr 34 326,00</b>
Renteinntekter 2015	kr 2 051 086,00
Overført til 2016	kr 2 085 412,00
<b>Budsjett 2016</b>	
Refusjon KMD (estimat)	kr 22 200 000,00
Overført frå 2015	kr 2 085 412,00
<b>Til tilskotsutbetaling 2016</b>	<b>kr 24 285 412,00</b>

Styret sitt forslag til disponering av 2016-midlane går fram av handlingsplan 2016-2021. Handlingsplanen vert lagt fram på årsmøtet.

## INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeids-  
gjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

### Styret i INU-FSF

Florø, 03/02 - 2016

---

Vidar Grønnevik  
Styreleiar  
-sign-

---

Kjetil Bjørset  
-sign-

---

Mikael Johansen  
-sign-

---

Odd Erik Gullaksen  
-sign-

---

Egil Mundal  
-sign-

---

Agnar Strømsnes  
-sign-

---

Jarle Aarvoll  
-sign-

---

Ola Teigen  
-sign-

---

Olve Grotle  
-sign-

---

Karen Marie Hjelmeseter  
-sign-